


Lyngmo-Glytten 26. årgang - Januar 2017 - Medlemsblad



BULDREVEGG PÅ Plass i Gymsalen!



- ★ **VANNLEKASJE**
- ★ **SYKKELLEIR I MAI**
- ★ **TID FOR VINTERLEIRAR**
- **sjå baksida for informasjon!!**



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Lyngmo - Glytten 26. årgang – Januar 2017

Helsing frå Lyngmo

Gode dagar!

Januar månad startar kvart år opp med planlegging og førebuing av mange arrangement. I løpet av ei hektisk, men god, første veka av 2017, opna me for påmelding til bibelcampingen. Alle rom og hytter vart fullteikna i løpet av 5 dagar! Det er kun nokre få ledige plassar att på campingplassen. Mange finn seg også anna overnatting her på Hafslo, slik at dei får med seg Bibelsommar i Vest til sommaren. Me håpar at den gode påmeldinga er eit godt bilete på korleis drifta vert dette året, for det er alltid kjekt med mange påmeldingar! Leiråret 2016 var bra og me hadde totalt 465 deltakarar på barne- og ungdomsleirane våre. Det er litt meir enn dei siste to åra! Nybygget vart stort sett ferdigstilt i løpet av hausten. Noko av det siste som vart klart, like etter nyttår, er buldreveggen i gymsalen. Gymsalen har blitt veldig populær på dei ulike arrangementa våre og me opplever verkeleg at Lyngmo er ennå bedre tilrettelagt for at leirdeltakarane skal ha det bra! Håpet er sjølvstøtt at fleire finn vegen til ein av leirane i 2017. Barne- og ungdomsarbeidarane våre, Rannveig og Endre, er fast med på leirane. I fellesskap med dei tilsette på kjøkkenet, mange dugnadsarbeidarar og leirleiarar ønskjer me å gje deltakarane god mat, gode aktivitetar, gode vennskap og gode møter. Målet er at dei får læra meir og oppleva meir av den kristne trua!

Lekasje

I midten av november fekk me testa evakueringsystema våre. Då fekk me lekkasje i det heilt nye sprinklersystemet. Ein akutt situasjon

på leir, med store vassmengder frå eit defekt sprinkleranlegg, vart handtert på ein effektiv og god måte av dei som var til stades. Deltakarane vart evakuerte og vatnet vart raskt leia ut. Til tross for rask og god innsats vart det store skadar på ca. 150 m² av bygget, som var ferdigstilt kun to veker tidlegare. Skadesaken vert handtert og ordna opp av forsikringsselskapet vårt, KNIF Trygghet Forsikring. Me har fått mykje god hjelp derifrå! Romma som vart skada har stått til tork i to månader. Til påske skal alt vera ordna og klart til bruk. Heldigvis slepp me stans i drifta og alle arrangementa går som planlagt!

Sigurd Fretland

Seint i haust fekk eg ta del i gravferda og minnestunda til Sigurd Fretland. Sigurd var den siste gjenlevande av dei modige og visjonære personane, som sytte for at leirarbeidet kom i gang på Lyngmo i 1965. Det var ei fin og verdig avskjed med ein mann som har bidrege med mykje frivillig arbeid i ulikt organisasjonsarbeid! Eg kjenner meg privilegert som får ta arven vidare i ei ny tid og til nye generasjonar!

[*Me nyttar høvet til å takke for minnegåva som var gitt i samband med gravferda til Sigurd!*](#)

Gåvegiro

I januarutgåva av Lyngmoglytten ligg det alltid vedlagt gåvegiro. Me håpar at de vil bruke giroen og støtte opp om arbeidet på Lyngmo. Drifta er avhengig av at de støttar opp om Lyngmo med gåver, dugnad og forbønn!

Godt nytt leir-år frå Kjetil!

Til minne om Sigurd Fretland

Hauge kyrkje i Lærdal var fullsatt då ein skulle ta avskjed med Sigurd Fretland. Minneorda som vart framført vitna om eit langt liv med eit stort engasjement på mange område, der misjon og kristent arbeid var sentralt. For Lyngmo var Sigurd Fretland ein sentral person som var med i planlegging og realisering av Lyngmo som leirplass frå byrjinga. Tidleg i 1963 stod det ei lysing i avisene i Sogn om at ei 66-manns brakke var til sals i Fortun. Sigurd var ein av fem personar som vart plukka ut av Misjons-sambandet og Indremisjonen for å dra på synfaring til brakka i Fortun for å sjå om den kunne bli brukt. For leir- og misjonsarbeidet i Sogn var den satsinga som då vart gjort heilt einestående. Drivkrafta for Sigurd var eit levande kall og ein brennande visjon om ein leirplass der det skulle drivast arbeid blant born og unge i sognabygdene. Sigurd var ein trufast forbedar for Lyngmo, og var oppteken av korleis Lyngmo utvikla seg. For meg vart Sigurd ein ven, men og ein person som det var godt å samtala med. Han hadde lang livserfaring og mykje visdom som eg med respekt og interes-



Lyngmo i sin spede barndom. Brakkene frå 1965.

sa lytta til. Sigurd var ikkje typen som gjekk rundt "graute", han var klår i sine meiningar og hadde ein tydeleg tale der det ikkje var rom for mistydingar av noko slag, samstundes var han raus med å gi ros. På 50 års jubileet til Lyngmo i 2015 var det ei fin og god oppleving å sjå Sigurd i ein alder på over 90 år gå på talarstolen med si helsing til festlyden. Takksemda er i dag stor for arbeidet som Sigurd var med på, for at born og unge skulle få ein plass og samlast for å høyra om Jesus. Sigurd hadde opplevd det som Leonard Gudmundsen seier i eit dikt:

"Brennende hjerter gi oss, o Gud, hjerter som lever i seier. Villighet gi oss å lyde ditt bud, mot til å gå dine veie."

Me lyser fred over Sigurd Fretland sitt minne!

Per Hilleren, styreleiar



Sigurd Fretland fekk ta del i 50-årsjubileumet på Lyngmo! Her intervju av Trond Kråvik.

VestlandsVegar - sykkelleir



Sykkelleir i verdskjente omgjevnadar!

Er du mann og samstundes landevegsasyklist? 24. - 27. mai dreg me i gang ein heilt ny leir, ein sykkelleir for menn! Lyngmo vert plassen for å kombinere leirlivet med sykkelturnar i vakker natur i Sogn. Likar du å sykle på landevegssyssel, då er det mogleg å treffe likesinna her. Naturen i området er perfekt til sykkelturnar for ulike nivå.



Meld deg på i passande klasse og bli med på korte eller lengre turar saman med DITT sykkelfelt!

Det er to kriterie for å vera med: Du må vera fylt 20 år og du må ha med eigen landevegssyssel.

Er dette aktuelt for deg eller kjenner du nokon, tips dei gjerne om dette arrangementet. Meir informasjon kjem på Lyngmo si nettside og Facebook.

24. - 27. mai

Dette skjer på Lyngmo:

FEBRUAR 2017

- 2. Knøttekoret
- 9. Småbarnstreff
- 10. - 12. Leir for 7 - 10 klasse
- 16. Knøttekor
- 17. - 20. Leir for 4 - 7 klasse

MARS 2017

- 2. Knøttekor
- 3. - 5. Dameleir
- 9. Småbarnstreff
- 11. Årsmøte NLM Sogn
- 16. Knøttekor
- 17. - 19. 16 - 30 Leir
- 23. Småbarnstreff
- 24. - 26. Leir for 2 - 4 klasse

30. Knøttekor

31. Vårbasar

APRIL 2017

- 2. Barnas supersøndag
- 6. Småbarnstreff
- 7.-10. Familieleir
- 12. - 16. Familieleir, NLM
- 20. Småbarnstreff
- 21. - 23. Ordet & Israel
- 27. Knøttekor
- 28. - 30. Region Årsmøte NLM

MAI 2017

- 4. Småbarnstreff
- 11. Sommaravslutning, knøttekor
- 16. Ungdomsarrangement

18. Småbarnstreff

24. - 27. Vestlandsvegar

29. - 1. Vi over 60

JUNI 2017

- 2. - 5. Leir for 7 - 10 klasse
- 9. - 11. Leir for 2 - 4 klasse
- 15. Småbarnstreff
- 16. - 19. Leir for 4 - 7 klasse
- 29. - 2. Lerum Cup

JULI 2017

- 2. - 9. Bibelsommar i Vest
- 9. - 15. Familieleir, Ungdom i Oppdrag

AUGUST 2017

- 24. Småbarnstreff
- 25. - 27. Bibelhelg

Inspirasjonshelg
for kvinner
3.- 5. mars 2017
Lyngmo

Inspirasjonshelg for kvinner er ei årleg helg på Lyngmo kor jenter og damer er svært velkomne! Det er det 8. året helga vert arrangert.

- 3. - 5. mars 2017
- Bra forkynning
- Mykje lovsang
- God mat og god stemning

Helga vert arrangert i samarbeid med Connected, som er kvinnearbeidet på SIM (Sogndal Indremisjon). Sjå

www.lyngmoinfo.com for meir informasjon

Spring for Lyngmo

Spring for Lyngmo vart ein kjempesuksess og det kom inn 120.000 kroner i samband med dette arrangementet. Det var støttespelarar i alle aldrar som hadde ordna seg med sponsorar. Deltakarane sprang i 1 time på den 400 meter lange bana som var blitt laga til. I tillegg til å samle inn pengar til Lyngmo var arrangementet ei markering av at det nye bygget var ferdig og klar til bruk. Dette vart markert med familiemøte, middag og **STOR kake!**



Over: Nokre stilte i meir spenstige treningsdrakter enn andre ;)



Til venstre: Dagleg leiar er godt fornøgd med at utbygginga av Lyngmo er ferdig og gler seg til å smake kake :)

Tusen takk til Arve Henning Bringe som bakte den store og flotte kaka til feiringa!!



Buldrevegg på plass

Det er veldig kjekt å kunne annonsere at det har komme buldrevegg på plass i gymsalen på Lyngmo. Me håpar den vil bli mykje brukt!

Julemiddag for ungdom



Jul inneberer mange tradisjonar. For oss på Lyngmo er julemiddag for ungdom ein av dei. Godt over 40 personar var samla til ein kveld med mykje god mat og underholdning siste laurdag før jul. Det er stas for alle å kle seg opp i finstasen og møte gamle leirvenner. I regi for det heile stod Simen Selsing Salte og Ingrid Nordheim. Dei hadde utarbeida eit variert og spennande program. Godt jobba! :)

**Vi over 60
på Lyngmo Ungdomssenter**
- Hafslo i Sogn – 29. mai – 1. juni 2017

Tema: «Med augo festa på Jesus»

Talarar: Annbjørg Barane og Egil Sjaastad

Påmelding til Lyngmo på e-post: lyngmo@lyngmoinfo.com

telefon 57 68 43 66 • www.lyngmoinfo.com



Vi over 60

10-årsjubileum i 2017!

Sommarjobb på Lyngmo?

Er du over 18 år og på jakt etter sommarjobb?
Me treng sommarvikarar på Lyngmo.

Arbeidsoppgåver:

- Vakt på camping og i resepsjon
- Ta imot turistar og yta service til gjestene våre
- Reinholdsarbeid
- Ansvar for å lage frukost til gjestene
- Elles førefallande arbeid ved campinga, samt praktiske oppgåver utanom dei ovarfornemnde (måling, lusing, plenklipping o.l.).



**Lyngmo søker positive medarbeidarar til
Team Lyngmo!!**

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 12
6869 Hafslo

Telefon: 57684366
E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

Vinterleirar 2017

2 - 4 klasse	24. - 26. mars, pris 540,-
4 - 7 klasse	17. - 20. februar, pris 780,-
7 - 10 klasse	10. - 12. februar, pris 705,-

FOR PÅMELDING OG INFORMASJON:

E-POST: BUA@LYNGMOINFO.COM

TLF: 57.68.43.66



Dersom familien din ikkje har råd til å sende borna på leir kan de ta kontakt med dagleg leiar eller barne- og ungdomsarbeidar på

Lyngmo. Me hjelper gjerne til med å finne løysingar for sponing i slike saker.